

Strategisk kompetanseplan for oppvekstsektoren i Nordhordland

2020-2030

Revidert utgåve 2026




Foto: Olaf Hella

Forord



Gulen



Austrheim



Alver



Masfjorden



Fedje



Osterøy



Modalen



Region Nordhordland består av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

Region Nordhordland IKS (RNI) administrerer samarbeidet mellom kommunane på ulike område, som digital sikkerheit og innovasjon, kontrollutval, akvakultur, biosfære, nærings- og samfunnsutvikling, helse og omsorg og oppvekst.

Denne planen er ein revisjon av *Strategisk kompetanseplan for Nordhordland 2020-2025*. Planen blei utarbeidd og vedteken av styret i Nordhordland kompetanseregion (NKR) i 2020. Han blei revidert første gong i 2023.

Kompetanseplan for 2020-2025	Utarbeidd 28.04.2020 av Olaf Hella, Bodil Boie Brekkan, Rita Ludvigsen, Sylvi Ann Hanstvedt og Dina Dyrhovden. Godkjent 05.06.2020 av styret i Nordhordland kompetanseregion.
Revidert kompetanseplan for 2023-2025	Utarbeidd 23.211.2022 av Trine Merete Jansen, Ingvild Moen, Siri Øksnes og Hilde Gunnarson. Godkjent 27.01.2023 av styret i Nordhordland kompetanseregion.
Revidert kompetanseplan for 2026-2030	Utarbeidd desember 2025-januar 2026 av Anita Skibenes, Torgeir Arne Lid, Trude L Jacobsen, Åshild Skuggedal og Lise Mikkelsen. Sendt på høyring 13.03.2026. Revidert etter høyringsinnspel. Godkjent i kommunalsjefutval oppvekst 14.08.2026.

Innhald

Forord.....	2
OVERORDNA DEL	4
1 Formål med planen.....	4
2 Utfordringar i regionen	5
3 Mål.....	6
Nasjonale sektormål.....	6
Nasjonale lovar, forskifter og meldingar til Stortinget	7
4 Sentrale omgrep som ligg til grunn for kompetanseplanen	7
Inkluderande barnehage- og skulemiljø	8
Universell pedagogikk/inkluderande praksis.....	8
Autoritativt klima i barnehagar og skular.....	8
Klasseleiing/gruppeleiing.....	9
Sosial og emosjonell læring	9
Leik.....	10
Grunnleggande ferdigheiter.....	10
Digital kompetanse	11
Kompetanseutvikling	11
Profesjonelle læringsfellesskap og leiarkompetanse	11
Kompetanse for framtida	12
5 Barnets beste-vurdering og barns medverknad	12
6 Regionale og kommunale mål	13
Regionale mål for oppvekstsektoren.....	13
Kommunale mål for oppvekstsektoren	14
7 Satsingar.....	14
Samanheng mellom mål og satsingar	15
8 Strategiar for å skaffe, utvikle og mobilisere kompetanse.....	17
Strategiar for iverksetjing av regionale tiltak	17
Læringsarenaer	17
Økonomiske rammer	18
9 Evaluering.....	18
10 Litteraturliste.....	19
HANDLINGSDEL.....	20
1 Mål, satsingar og tiltak.....	21
2 Årshjul for aktivitetar i Region Nordhordland.....	22

OVERORDNA DEL



1 Formål med planen

Oppvekstsektoren i region Nordhordland står overfor fleire samansette utfordringar knytt til demografisk utvikling, læringsresultat, fråvær og fråfall, samt aukande førekomst av psykiske plager blant barn og unge.

- Fødselstala er fallande, samstundes som befolkninga vert eldre. Dette medfører behov for omstilling, prioritering og meir effektiv ressursutnytting i oppvekstsektoren.
- Når det gjeld læringsresultat, ligg kommunane i regionen gjennomgåande under landsgjennomsnittet i lesing, rekning og engelsk. I fleire kommunar viser utviklinga ein negativ trend over tid.
- Det vert rapportert om aukande bekymringsfullt skulefråvær og fråfall, med utfordringar som i aukande grad gjer seg gjeldande allereie på barnesteget.
- Det er registrert ein auke i sjølvrapporterte psykiske helseplager blant barn og unge, noko som påverkar både læring, trivsel og deltaking.

Målsetjinga for kompetanseplanen er å vidareutvikle eit felles forskings- og erfaringsbasert rammeverk for arbeidet med å sikre alle barn og unge eit likeverdig og inkluderande barnehage-, skule- og fritidstilbod.

Dette krev felles forståing og god leiing i alle ledd.

I den overordna delen av planen definerast felles mål og satsingsområde for kompetanseutvikling i regionen, som grunnlag for kommunane si planlegging av eigne kompetansetiltak.

I handlingsdelen blir mål og satsingar i den overordna delen konkretisert i årshjul og tiltak.

Målgruppa for kompetanseplanen er Regionrådet, kommunestyra, kommunal leiing, einingsleiarar innanfor oppvekst og tilhøyrande tenesteområde som jordmor- og helsestasjonstenesta, barneverntenesta, NAV, kultur og frivilligheit, og ikkje minst alle tilsette i oppvekstområdet i våre kommunar.

Samanheng i planverk: Det er ei målsetjing at kompetanseplanane for einingane, kommunane og regionen heng saman, og at tilsette kjenner til planane og samanhengen mellom dei.


2 Utfordringar i regionen

I 2025 blei det gjort ein analyse og samanstilling av kommuneplanane sin samfunnsdel og dei førebyggjande planane i kommunane, samt ei intervjurunde av tilsette i ulike tenesteområde i laget rundt barnet samt Ungdomsrådet i Alver.

Gjennomgang av planane og samanstilling av intervju frå juni 2025 peiker ut desse utfordringane:

Regionale utfordringar 2025
○ Auke i bekymringsfullt skulefråvær, fråfall og oppleving av utanforskap blant barn og unge ○ Avgrensa kjennskap til og forståing for dei ulike tenesteområda i laget rundt barnet ○ Ikkje tilstrekkeleg koordinert samhandling mellom aktørane i laget rundt barnet ○ Barnehagar og skular har ikkje alltid tilstrekkelege rammer og kompetanse til å inkludere flest mogleg innanfor den universelle pedagogiske tilnærminga ○ Omfang av mobbing og åtferdsuttrykk som ikkje er føremålstenlege for læring og trivsel ○ Gjennomgåande låge læringsresultat over tid ○ Behov for styrkt robustheit og meistringskompetanse hos barn, unge og føresette ○ Manglande samanheng og kontinuitet i overgangane mellom barnehage og skule, samt mellom ulike skuleslag ○ Låg rekruttering til sentrale yrkesgrupper som helsefagarbeidarar og barnehagelærarar

Analysane syner behov for å forsterke innsatsen for å oppfylle nasjonale og lokale mål og løyse regionale utfordringar. Utfordringane krev godt og saumlaust samarbeid mellom aktørane i laget rundt barnet på ulike nivå.



Bronfenbrenner, U (2005): Utviklingsøkologisk modell

3 Mål

Nasjonale sektormål

Region Nordhordland forankrer sitt arbeid i nasjonale føringer som til ei kvar tid er gjeldande på oppvekstområdet. Kunnskapsdepartementet har sett desse overordna sektormåla for samfunnsoppdraget sitt: ([Tildelingsbrev til Utdanningsdirektoratet for 2025](#))

- barn i barnehage får behovene sine for lek, omsorg og allsidig utvikling ivaretatt
- barn, unge og voksne lærer, mestrer og trives i opplæringen
- barnehager og skoler bidrar til gode oppvekstmiljøer
- barn, unge og voksne blir kvalifisert og forberedt på deltakelse i arbeids- og samfunnsliv

Måla blir tydeleggjort i følgande formuleringar:

- En barnehage som gir en god start i livet
- En opplæring som gir god læring, utvikling og dannelse
- Trygge og gode barnehage- og skolemiljø
- Likeverdige barnehage- og opplæringstilbud
- Gode lag rundt barnet og eleven

Nasjonale lover, forskifter og meldingar til Stortinget

I januar 2022 trådde Barnevernsreforma i kraft. [Lov om barnevern](#) §15-1 stiller krav til kommunane om å fremme gode oppveksttilhøve gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsetjast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar, og vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet.

[Meld. St. 28 \(2024–2025\) - Tro på framtida - uansett bakgrunn](#) peikar på følgjande fokusområde for å sikre at barn og unge får like moglegheiter til ein trygg og utviklande oppvekst, og for å hindre utanforskap:

- **Arbeid og økonomisk tryggleik:** Sikre familiar tilknytning til arbeidslivet og økonomisk stabilitet
- **Ein god start på livet:** Forsterka og samordna innsats dei 1000 første dagane i barnet sitt liv
- **Like moglegheiter gjennom utdanning:** Universell og inkluderande opplæring
- **Styrke laget rundt barn og unge:** Betre samarbeid mellom ulike sektorar og tenester
- **Meir kunnskap og samarbeid:** Styrke kunnskapsgrunnlaget om effektar av tiltak retta mot barn og unge, og bidra til at kunnskapen blir tatt i bruk blant kommunale, frivillige og private aktørar

[Barnehagelova](#) § 1 slår fast at *Barnehagen skal - i samarbeid og forståelse med hjemmet - ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi.*

[Opplæringslova](#) § 1-3 slår fast at *Elevane .. skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.*

Forskriftene [Rammeplan for barnehagen](#), [Læreplanverket for grunnskulen](#) og [Rammeplan for SFO](#) konkretiserer formåla i lovverket og set rammer for ansvar, innhald og organisering av innhaldet i barnehagar, skular og SFO.

4 Sentrale omgrep som ligg til grunn for kompetanseplanen

I dette kapittelet følger ein del ordforklaringar av sentrale omgrep i lover, forskrifter og nasjonale styringsdokument som ligg til grunn for region Nordhordland sine mål, satsingar og tiltak.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø er eit miljø der alle barn verkeleg føler at dei høyrer til og deltar med likeverdige moglegheiter, og at mangfaldet i gruppa blir anerkjent som ein ressurs.

LK20 slår fast at *skulen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle elever*. Eit inkluderande læringsmiljø inneber at alle elevar opplever tilhøyrslø, tryggleik og anerkjenning, og at mangfald blir sett på som ein ressurs i fellesskapet.

Rammeplan for barnehage stadfester at *barnehagen skal være et inkluderende fellesskap der alle barn opplever tilhørighet, omsorg, respekt og medvirkning, uavhengig av funksjonsnivå, språk, kultur og forutsetninger*.


Universell pedagogikk/inkluderande praksis

Universell pedagogikk/inkluderande praksis handlar om å planlegge, gjennomføre og organisere læringsaktivitetane på ein måte som reduserer barrierar for deltaking og læring for så mange barn/elevar som mogleg, samtidig som individuelle behov blir ivaretatt. God universell pedagogikk vil redusere behovet for spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt opplæring. Dette fordrar fleksibilitet, variasjon og inkluderande praksis med god leiing av grupper og klassar, som gagnar alle barn og elevar.

I dag har alle kommunane i regionen samarbeid med ulike UH-miljø om tema universell pedagogikk (Alver) og inkluderande praksis (Osterøy og Fensfjorden/Modalen). Samarbeidet er ein del av ordninga [Kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnskole | udir.no](https://www.udir.no/kollektiv-kompetanseutvikling-i-barnehage-og-grunnskole)

Autoritativt klima i barnehagar og skular

Barnehagar og skular med autoritative klima har eit miljø der dei vaksne har ei autoritativ tilnærming til barn og barnegrupper. Ei autoritativ tilnærming vil si at dei vaksne kombinerer tydelege rammer og forventningar med varme, støtte og relasjonsbygging. Eit autoritativt klima gir ro, tryggleik og betre sosial utvikling fordi barna kjenner både struktur og omsorg i samspelet med kvarandre og med dei vaksne.



Autoritativt klima, Roland 2025, basert på Baumrind 1991

Kommunane i regionen har målsetjingar om at alle barn og unge skal høyre til og vere inkluderte i barnehagar, skular og i lokalmiljøet. Oppleving av tryggleik er grunnlaget for vekst og meistring i livet. Dei vaksne skal vere profesjonelle og har alltid ansvar for relasjonen til barnet/eleven. Kvar tilsett må derfor ha god forståing av eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. Dei må ha god relasjonskompetanse og vite korleis dei kan leie ei gruppe barn eller ein klasse.

Klasseleiing/gruppeleiing

For å sikre at barn og elevar opplever trivsel og tilhøyrse, må læraren utøve god klasseleiing/gruppeleiing. Gode klasse- og gruppeleiarar skapar eit autoritativt klima med gode relasjonar (emosjonell støtte) og god kontroll (organisering). I tillegg er gode klasseleiarar flinke med læringsstøtte. Dei legg til rette for tilpassa og varierte læringsaktiviteter, er i løpande dialog med elevane om lærestoffet, og gir tilbakemeldingar av god kvalitet til elevane. Samla vil desse tre dimensjonane i klasseleiing føre til auka elevengasjement og høgare læringsresultat.



Dimensjonar ved klasseleiing (Ertesvåg 2025, basert på Pianta, Hamre og Mintz (2012))

Sosial og emosjonell læring

Nokre barn og unge som har opplevd betydeleg motgang under oppveksten, klarer seg likevel bra i utdanningssystemet, arbeidslivet og på fritida. Dei har utvikla motstandskraft.

Barnehagar og skular må jobbe systematisk med sosial og emosjonell læring som styrkar motstandskraft, slik som sjølvmedvit, sjølvregulering, evne til å ta ansvarlege avgjerder, relasjonsdugleik og sosialt medvit. Systematisk opplæring i sosial og emosjonell læring fører til betre sjølvregulering, auka trivsel og tilhøyrse og reduksjon i mobbing. (Durlak mfl. (2011), Taylor mfl. (2017.))



Fleire kommunar jobbar systematisk med sosial og emosjonell læring gjennom rammeverk som De Utrolige Årene (barnehage), Invest in Play (2-12 år, helsestasjon) og Pals eller Olweus (skule).

Leik

Barn utviklar sosial, emosjonell og språkleg kompetanse gjennom leik. Rammeplan for barnehagen slår fast at leiken skal vere ein sentral arena for barns utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Leiken gir barna høve til å utforske relasjonar, øve på samarbeid og erfare kva det vil seie å vere ein del av eit fellesskap.

Samtidig er det ikkje alle fellesskap som opplevast som trygge for alle barn. Fellesskap som manglar tryggleik og inkludering, kan skape og forsterke utanforskap. Frykt for å hamne utanfor kan føre til at barnestyrt fellesskap utviklar seg innanfor den enkelte avdeling eller klasse, der nokre barn blir haldne utanfor. I utrygge fellesskap kan barn ekskludere andre for å sikre sin eigen plass.

For å førebyggje dette og bygge trygge, inkluderande fellesskap gjennom leik, må barnehagar og skular styrkje leikekompetansen sin. Det inneber mellom anna å organisere rom, tid og materiell slik at det inspirerer til ulike former for leik. I tillegg må personalet ha kompetanse til å analysere, støtte, delta i og vidareutvikle leiken på barna sine premisser. Slik kan leiken bli ein arena der alle barn opplever tilhøyrsløse, deltaking og meistring.

Grunnleggande ferdigheiter

[Meld. St. 34 \(2023–2024\) - en mer praktisk skole](#) og [NOU 2026: 10](#) om fellesskolen peiker på at elevane sine læringsresultat i lesing, skriving og rekning har gått ned, og talet på elevar på lågaste meistringsnivå aukar. Det er aukande forskjell mellom elevar, blant anna knytt til sosioøkonomisk bakgrunn. Tala for region Nordhordland viser tilsvarende nedgåande resultat.

Stortingsmelding 24 peikar på at skulen i for liten grad greier å tilpasse opplæringa og gjere ho variert og praktisk nok til at elevane opplever meistring og motivasjon.

Kompetanseutviklingstiltaka regionalt og kommunalt bør sikre at leiarar og tilsette har tilstrekkeleg kompetanse for å støtte barn og elevar i læringa av grunnleggjande dugleik og velje praktisk og variert metodikk som ein veit har forskingsbasert god effekt.

Digital kompetanse

[Meld. St. 32 \(2024–2025\) Trygg oppvekst i et digitalt samfunn](#) slår fast at hovudutfordringane i dagens digitale samfunn er høg skjermbruk, svekt søvn, læring og konsentrasjon, eksponering for skadeleg innhald, mobbing, feilinformasjon og kriminalitet på nett. Meldinga peikar også på press mot barn sitt personvern og forbrukarvern gjennom datainnsamling, reklame, manipulerande design og algoritimestyrte tenester.

Meldinga peikar på at skule, støttetjenester og foreldre bør samarbeide tett og dele ansvar for ein trygg digital oppvekst. Dette krev god digital kompetanse hos tilsette i skulane, og gode rutinar for eit tillitsbasert og trygt samarbeid mellom skule og heim.

[Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse | udir.no](#) og [Råd for god digital praksis og skjermbruk i skolen | udir.no](#) gir klare råd til skuleeigarar og skular om korleis arbeidet med god digital praksis kan gjennomførast. Barn og unge må vere i stand til å møte det digitale samfunnet med kritisk medvit og forstå korleis algoritmar kan påverke demokratiske prosessar og deltaking i ei globalisert verd.

Kompetanseutvikling

[Overordna del av læreplanverket LK20](#) definerer kompetanse slik:

Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.

Kva for område barnehagen, skulen eller kommunen treng å utvikle kompetanse på bør forankrast i analysar av barna sitt barnehage- og skulemiljø. [Elevundersøkinga](#), [Nasjonale prøver](#) og tilsvarande undersøkingar om trivsel i barnehagen bør danne grunnlag for ein [Pedagogisk analyse](#) for å setje i verk treffsikre tiltak på både kommunenivå og einingsnivå.

Profesjonelle læringsfellesskap og leiarkompetanse

Oppvekstsektoren i den einskilde kommune bør utvikle ein felles strategi for organisasjonsutvikling og utvikling av profesjonelle læringsfellesskap. Strategien bør vere i tråd med nyare forskning og framtidens behov i oppvekstsektoren. For å utjamne ulikskapar mellom

kommunar og einingar og sikre samanheng mellom satsingane på regionalt nivå, kommunalt nivå og på einingsnivå, er det viktig med god og open styringsdialog mellom kommunalsjefnettverk oppvekst (tidlegare styret i NKR), kommunal leiing, einingsleiarar og dei tilsette på einingane.


Vi ser derfor behov for å vidareutvikle leiarkompetanse på alle nivå, og styrke vår felles kompetanse i å følgje opp nasjonale, regionale og lokale satsingar.

Kompetanse for framtida

Utdanningsforskaren Michael Fullan peikar på 6 viktige kompetanseområde for framtida. Som fundament for arbeidet med å utvikle dei seks C-ane ligg «well-being», altså eit trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø med god universell pedagogikk og autoritative klima.

DEI 6 GLOBALE KOMPETANSANE

for djupare læring



5 Barnets beste-vurdering og barns medverknad

Barn har ein lovfesta rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, og barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn. (Barnekonvensjonen artikkel 3 og 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17.) Desse rettslege rammene slår fast at barn ikkje berre skal beskyttast, men også anerkjennast som aktive deltakarar i eige liv.

Barns medverknad er vidare ein grunnleggjande verdi i opplæringslova, rammeplan for barnehage og rammeplan for SFO. Frå dei er heilt små, gir barn uttrykk for kva dei opplever som bra og ikkje bra, ut frå sitt eige perspektiv. Eit sentralt prinsipp for medverknad er å sjå barnet som eit aktivt og meiningsskapande individ. For at dette skal bli realisert i praksis, er det avgjerande at tilsette i oppvekstsektoren utviklar ei felles forståing av det inneber å vurdere barnas beste og sikre medverknad i det daglege arbeidet. Slik legg ein grunnlaget for at barn og unge kan utvikle kompetansar som er nødvendige i det 21. hundreåret.

Når barn og elevar opplever reell medverknad og får delta i samskapingsprosessar, styrkjer det opplevinga av tilhøyrslø og deltaking i eit positivt fellesskap. På denne måten heng barns medverknad tett saman med det førebyggjande arbeidet mot krenking og mobbing.

6 Regionale og kommunale mål

Regionale mål for oppvekstsektoren

Region Nordhordland vil styrke arbeidet med tidleg og heilskapleg innsats for barn og unge, i tråd med nasjonale mål. Tidleg innsats inneber tidlege, tilpassa tiltak for barn og familiar. Dette er først og fremst ei investering i livskvalitet, men òg samfunnsøkonomisk ved å redusere behovet for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

For å lukkast med tidleg innsats, må det vere eit velfungerande, koordinert støttesystem rundt barnet, som sikrar at alle barn og elevar – uavhengig av behov og føresetnader – får utvikle seg og oppleve meistring i eit inkluderande fellesskap. Aktørane i laget rundt barnet må ha ei felles forståing av mål og tiltak, og samarbeidet både innanfor og mellom tenestene må vere godt koordinert.

Alle barn skal bli høyrte og anerkjente som aktør i eige liv. Som hovudprinsipp skal alle barn og unge, så langt det er mogleg, oppleve tilhøyrslø i fellesskapen og få den støtta dei treng innanfor fellesskapet.

På bakgrunn av utfordringsbiletet i regionen, har Region Nordhordland sett desse måla fram mot 2030:

Regionale mål 2026 - 2030

Overordna mål:

Redusere bekymringsfullt skulefråvær, fråfall og oppleving av utanforskap blant barn og unge

Delmål:

- Styrke samhandlinga mellom aktørane i laget rundt barnet
- Auke barnehagar og skular sin kapasitet til å romme flest mogleg i eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Styrke grunnleggande ferdigheiter
- Styrke robustheit og meistringstru hos barn, føresette og tilsette
- Redusere førekomsten av mobbing og lite føremålstenlege åtferdsuttrykk

Kommunale mål for oppvekstsektoren

Alver kommune ○ Barn og unge opplever å høyre til. ○ Barn og unge er rusta til å møte framtida. ○ Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne. ○ Familiar opplever eit godt tenestetilbod.	Modalen kommune ○ Born og unge i Modalen skal ha ein trygg og god oppvekst.	Fedje kommune ○ Barn i Fedje kommune skal få ein god start på livet. ○ Barn og unge i Fedje kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. ○ Fedje kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremmer god livskvalitet.	Gulen kommune ○ Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet. ○ Alle barn og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag. ○ Alle barn og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø.
Masfjorden kommune ○ Alle barn og unge i Masfjorden kommune skal ha eit trygt og godt og inkluderande oppvekstmiljø. ○ Barn og unge i Masfjorden skal oppleve at dei høyrer til og blir sett. ○ Barn og unge møter i vaksne som er gode på relasjonar og relasjonsbygging. ○ Oppvekstsektoren i Masfjorden har god fagleg kvalitet på tenestene sine.	Austrheim kommune ○ Alle barn og unge i Austrheim kommune skal få ein god start på livet. ○ Alle barn og unge i Austrheim kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. ○ I Austrheim kommune skal vi auka talet på unge som fullfører vidaregåande opplæring. ○ Austrheim kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremmer god livskvalitet.		Osterøy kommune ○ Fleire barn og unge får utvikle seg gjennom universelle tiltak i helsestasjon, barnehage og skule. ○ Barn og unge i Osterøy kommune opplever tilhøyrslø i fellesskap som fremjar tryggleik, meistring og utvikling. ○ Barn, unge og deira familiar møter tilsette som støttar og viser veg. ○ Barn og unge i Osterøy opplever å få riktig hjelp, tilpassa deira behov, så tidleg som mogleg.

7 Satsingar


Det er etablert eit kunnskapsgrunnlag som viser at inkluderande fellesskap i barnehage, SFO og skule har stor betydning for barn og familiar si oppleving av tilhøyrslø. Forsking peikar også på at eit godt og saumlaust samarbeid mellom aktørane i laget rundt barnet forsterkar denne effekten. Når fellesskapa er prega av inkludering, og det finst tydelege strukturar og ein samarbeidskultur mellom dei som arbeider rundt barnet, styrkjer det både trivsel, deltaking og meistring. Tiltak som utviklar inkluderande praksisar og systematisk samarbeid, vil derfor vere målretta og treffsikre i arbeidet med å redusere fråvær, fråfall og utanforskap. (Sjå litteraturlista side 20.)

For å oppfylle måla, vil region Nordhordland i 2025-2030 jobbe med desse satsingane:

Regionale satsingar 2025 – 2030


- A. Styrke samarbeidet med føresette, frivilligheit og støttetenester
- B. Vidareutvikle samarbeidet med UH-sektoren og andre aktørar om kompetanseutvikling i inkluderande barnehage- og skulemiljø og grunnleggande ferdigheiter
- C. Utvikle felles rammeverk for overgangar mellom barnehage – barneskule – ungdomsskule – vidaregåande skule
- D. Vidareføre og vidareutvikle kompetanseheving i strategisk leing for leiarar

Samanheng mellom mål og satsingar



Dei skisserte satsingane skal bidra til å oppfylle måla. Systematisk satsing på leiarutvikling er essensielt for å gje meistringstru og kompetanse til å leie utviklingsarbeidet og skape samanheng mellom arbeidet på einingane, det kommunale utviklingsarbeidet og dei regionale satsingane.

Det er eit mål at barn og familiar skal få rask og koordinert støtte dersom dei treng tilpassa tiltak. Då treng både tilsette, føresette og barn å har oversikt over kva for støttesystem som finnast, og korleis støttesystema kan samarbeide effektivt når det er knytt undring eller bekymring til eit barn eller ein familie. Både kommunalt og regionalt går det føre seg arbeid for å synleggjere, systematisere og forenkle arbeidet i laget rundt barnet, blant anna gjennom rammeverket [BTI](#) som Austrheim, Gulen, Masfjorden og Osterøy nyttar.



Samanheng i tenester (Meld.St 28 (2024-2025))

8 Strategiar for å skaffe, utvikle og mobilisere kompetanse

Strategiar for iverksetjing av regionale tiltak

Skaffe kompetanse:

- Tidleg definering av kompetansebehov i regionen og korleis vi kan hente ønska kompetanse
- Gjennomføre offentleg anskaffingsprosess når det er påkravd
- Tinge kurshaldar og lokale 1 til 1,5 år før sjølv tiltaket
- Budsjettere for dei tiltak ein vil setje i verk
- Avklare kven som bestiller
- Ha open og jamleg dialog med tilbydarar
- Gjennomføre evalueringar i etterkant av arrangement

Ansvar: RNI oppvekst, kommunalsjefnettverk oppvekst, regional arbeidsgruppe leiarutvikling

Utvikle kompetanse:

- Sikre at mellomarbeid før og etter tiltak vert gjennomført i profesjonsfellesskapa på einingane og i kommunen
- Sikre medverknad i kompetanseutviklingstiltaka

Ansvar: Kommunal oppvekstleiing og leiarar i barnehagar og skular

- Sikre samanheng og progresjon i kompetanseplanar og kompetanseutviklingsprogram

Ansvar: RNI oppvekst, kommunalsjefnettverk oppvekst, regional arbeidsgruppe leiarutvikling, kommunal oppvekstleiing

Læringsarenaer

Regionale kompetansetiltak må tilpassast til føremålet. Det bør variere mellom:

- Felles regionale planleggingsdagar og leiarsamlingar
- Samlingar gjennom midlar frå Statsforvaltaren (Kompetanseløftet)
- Nettverk og samlingar for ulike fagområde (t.d. SFO)

Tiltaka må sjåast i samanheng med tiltak på kommunalt nivå, og vidareførast og konkretiserast i profesjonsfellesskapa i eigen kommune og i eiga eining.

Økonomiske rammer

Regionen er ansvarleg for å prioritere kompetansemidler frå Statsforvaltar, samt søke skjønnsmidlar og anna finansiering til utviklingsprosjekt.

Kommunane, private barnehagar og friskular er ansvarlege for å prioritere utviklingstiltak.

Finansieringsmodellar:

- OU-midler frå KS
- Midlar frå Statsforvaltar gjennom kompetanseløftet
- Statlege midlar, til dømes Prosjektskjønn
- Kommunen budsjetterer
- Barnehagar og skular brukar eigne midlar

9 Evaluering

Strategisk kompetanseplan sendast på høyring til kommunane i region Nordhordland. Alle organisasjonar og avdelingar har hatt høve til å komma med høyringssvar.

Kvar kommune må sørge for:

- Systematisk tilnærming i kompetanseutviklinga, med ein fleirårig kommunal plan som viser mål, satsingar og tiltak for oppvekstsektoren i kommunen
- God forankring og medverking i leiargruppene, hos tilsette og tillitsvalde
- Systematisk evaluering og justering av kommunale og lokale tiltak

Region Nordhordland skal sikre følgande:

- Fortløpande evalueringar av arbeidet til RNI i regionen
- Følgje opp dei kommunale evalueringane

10 Litteraturliste

- [Barnevernsreformen - en oppvekstreform | Bufdir](#)
- Bronfenbrenner, Uri (red): Making human beings human. Bioecological perspectives on human development. Sage Publications 2005.
- Durlak, Joseph et al: The impact of enhancing student`s social and emotional learning. Henta [her](#)
- Ekspertgruppe for skolebidrag: [En-skole-for-vår-tid_v5.pdf](#) 2021
- Ertesvåg, Sigrun, 2025: [Forskningsskape: Sigrun Ertesvåg om klasseledelse i et relasjonelt perspektiv](#)
- Figenschou, Gøril (red): Trygt og godt barnehagemiljø. Omnimodellen i praksis. Fagbokforlaget 2024.
- Folkehelseinstituttet, 2025: Barn og unges psykiske helse. Henta [her](#)
- Fullan, M, 2018: Deep Learning. Henta [her](#)
- Helsedirektoratet, 2025: Selvrapporterte helseplager blant barn og unge. Henta [her](#)
- Kunnskapsdirektoratet, 2022. [Kompetanse for framtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2023-2025.](#)
- Kunnskapsdirektoratet, 2022, [Tildelingsbrev til Utdanningssektoren for 2022](#)
- Lai, Linda: Strategisk kompetanseledelse. Fagbokforlaget 2021.
- [Meld. St. 47 \(2008-2009\) - Samhandlingsreformen](#)
- [Meld. St. 14 \(2019-2020\) - Kompetansereformen - lære hele livet](#)
- [Meld. St. 6 \(2019-2020\) - tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap](#)
- [Meld. St. 32 \(2024-2025\) - trygg oppvekst i et digitalt samfunn](#)
- [Meld. St. 23 \(2022-2023\) - opptrappingsplan for psykisk helse](#)
- [Meld. St. 28 \(2024-2025\) - Tro på framtida - uansett bakgrunn](#)
- Nordahl, Thomas og Overland, Terje: Tilpasset opplæring og inkluderende støttesystemer. Gyldendal, 2021
- Potrebny m.fl, 2024: Secular trends in mental health problems among young people in Norway. Henta [her](#)
- Roland, Pål: Barn og elever i utfordrende kontekster. Cappelen Damm Akademisk 2025.
- Taylor, Rebecca et al: Promoting positive youth development through school-based social and emotional learning interventions. Henta [her](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2015, [NOU 2015:8 - Fremtidens skole](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2017, [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2017, [Rammeplan for barnehagen](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2021, [Rammeplan for SFO](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2024, [Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2024, [Råd for god digital praksis og skjermbruk i skolen](#)
- Utdanningsdirektoratet, 2026, [NOU 2026:10 - Fellesskolen - bærebjelken i framtidens samfunn](#)
- Westergård, E, Ertesvåg, S og Rafaelsen, F: A Preliminary Validity of the Classroom Assessment Scoring System in Norwegian Lower-Secondary Schools, 2018. Henta [her](#)

HANDLINGSDEL

Den overordna delen av planen skisserer utfordringar, mål og satsingar for Region Nordhordland i perioden 2026–2030. Planen byggjer på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om korleis barnehagar, skular, PPT og andre aktørar i laget rundt barnet kan arbeide systematisk for å fremje meistring, motivasjon, tryggleik og trivsel hos barn og unge. Eit sentralt premiss i dette arbeidet er å sikre samanheng i tenestene og eit tett og forpliktande samarbeid mellom ulike tenestoområde, familiar og nærmiljø.

I handlingsdelen blir måla og satsingane frå den overordna delen konkretiserte gjennom ein tiltaksmatrise. Denne synleggjer kva tiltak regionen skal arbeide med for å nå dei fastsette måla.

Handlingsdelen skal evaluerast og justerast årleg for å sikre framdrift og relevans. Ansvar for oppfølginga ligg hos RNI og kommunalsjefnettverket for oppvekst.



Foto: Stock images

1 Mål, satsingar og tiltak

MÅL			
Redusere bekymringsfullt skulefråvær, fråfall og oppleving av utanforskap blant barn og unge - Styrke samhandlinga mellom aktørane i laget rundt barnet - Auke barnehagar og skular sin kapasitet til å romme flest mogleg i eit inkluderande barnehage- og skulemiljø - Styrke grunnleggjande ferdigheiter - Styrke robustheit og meistringstru hos barn, føresette og tilsette - Redusere førekomen av mobbing og lite føremålstenlege åtferdsuttrykk			
SATSINGAR			
A. Styrke samarbeidet med føresette, frivilligheit og støttetenester B. Vidareutvikle samarbeidet med UH-sektoren og andre aktørar om kompetanseutvikling i inkluderande barnehage- og skulemiljø og grunnleggjande ferdigheiter C. Utvikle felles rammeverk for overgangar mellom barnehage – barneskule – ungdomsskule - vidaregåande skule D. Vidareføre og vidareutvikle kompetanseheving i strategisk leing for leiarar			
TILTAK			
A Styrke samarbeidet med føresette, frivilligheit og støttetenester			
2025-2027 - Støtte kommunane sitt arbeid med å systematisere og forenkle arbeidet i laget rundt barnet, gjennom BTI eller anna rammeverk. - Fasilitere arbeidsgruppe som skal kartlegge og synleggjere eksisterande lågterskeltilbod i kommunen og regionen - Utarbeide rammeverk med forslag til form og innhald for foreldremøte, samt samarbeid med frivillig sektor og støttetenester i barnehage og skule. - Vidareføre og vidareutvikle årleg regional møteplass for aktørane i laget rundt barnet i Nordhordland.	2027-2029 - Synleggjere og dele erfaringar med samarbeid mellom barnehagar, skular, familiar og støttesystem, for å vidareutvikle beste praksis. - Synleggjere kommunale og regionale lågterskeltilbod for alle tilsette og føresette i tenlege analoge og digitale kanalar. - Pilotere rammeverk for foreldremøte og samarbeid med frivilligheit og støttetenester i utvalde barnehagar og skular.	2029-2030 - Gje implementeringstøtte til enkelt-kommunar eller enkelt-einingar i arbeidet med å synleggjere rammeverk for samarbeid. - Presentere og synleggjere rammeverk for foreldremøte og samarbeid med frivilligheit og støttetenester for alle einingar og kommunar.	
B Vidareutvikle samarbeidet med UH-sektor og andre aktørar om kompetanseutvikling i inkluderande barnehage- og skulemiljø og grunnleggjande ferdigheiter			
2026-2027 - Planleggingsdagar med tema barn i balanse - Vurdere og ev. utarbeide felles regional digitaliseringsstrategi - Vurdere regionale samlingar med tema innanfor inkluderande barnehage- og skulemiljø: Klasseleiing, grunnleggjande ferdigheiter, analysekompetanse, ny som leiar. - Tilpassa støtte til kommunar og barnehagar/skular ved behov	2027-2029 - Planleggingsdagar med tema livsmeistring - Iverksette regionale samlingar med tema innanfor inkluderande barnehage- og skulemiljø: Klasseleiing, grunnleggjande ferdigheiter, analysekompetanse, ny som leiar. - Tilpassa støtte til kommunar og barnehagar/skular ved behov	2029-2030 - Planleggingsdagar med tema grunnleggjande ferdigheiter - Tilpassa støtte til kommunar og barnehagar/skular ved behov	
C Utvikle felles rammeverk for overgangar mellom barnehage – barneskule – ungdomsskule - vidaregåande skule			
- Fasilitere arbeidsgruppe som skal utvikle rammeverk for karriererettleiing og faget utdanningsval som skulane kan ta i bruk. - Forsterke dialogen mellom rådgjevarar og skuleleiing gjennom faste felles møteplassar. - Sikre samanheng i arbeidet med foreldresamarbeid, samarbeid med frivilligheit og støttetenester og gode overgangar mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.			
D Vidareføre og vidareutvikle kompetanseheving i strategisk leing for leiarar			
- Organisere leiarsamlingar to gongar i året med tema <i>leing av profesjonsfellesskap, analysekompetanse og læringsstøtte</i>. - Bidra med leiarstøtte til enkelteiningar og kommunar ved behov. - Fasilitere kompetanseheving og nettverk for SFO-leiarar. - Vurdere kompetanseheving og nettverk for pedagogiske leiarar, ev styrarar og rektorar.			

2 Årshjul for aktiviteter i Region Nordhordland

MÅL	
Redusere bekymringsfullt skulefråvær, fråfall og oppleving av utanforskap blant barn og unge	
○ Styrke samhandlinga mellom aktørane i laget rundt barnet ○ Auke barnehagar og skular sin kapasitet til å romme flest mogleg i eit inkluderande barnehage- og skulemiljø ○ Styrke grunnleggande ferdigheiter ○ Styrke robustheit og meistringstru hos barn, føresette og tilsette ○ Redusere førekomsten av mobbing og lite føremålstenlege åtferdsuttrykk	
SATSINGAR	
A. Styrke samarbeidet med føresette, frivilligheit og støttetenester B. Vidareutvikle samarbeidet med UH-sektoren og andre aktørar om kompetanseutvikling i inkluderande barnehage- og skulemiljø og grunnleggande ferdigheiter C. Utvikle felles rammeverk for overgangar mellom barnehage – barneskule – ungdomsskule - vidaregåande skule D. Vidareføre og vidareutvikle kompetanseheving i strategisk leiing for leiarar	
TILTAK OG ARRANGEMENT	
Arrangement til vurdering og planlegging hausten 2026: <i>For lærarar: 1.klasse-, 5.klasse og 8.klassekurs om klasseleiing, begynnaropplæring, språk, lesing, leik. Kurs om digital kompetanse.</i> <i>For leiarteam/utviklingsgrupper: Analysekompetanse knytt til Nasjonale Prøver, Tras og Elevundersøkinga.</i> <i>For leiarar: Kursrekke ny som leiar, kursrekke nytt leiarteam</i>	
September	○ Seminar om karriererettleiing og utdanningsval ○ Rettleiing nyutdanna i barnehagar og skular (med NLA) ○ Samling for ungdomstrinn og vgs om gode overgangar (med VLKF) ○ Leiarutvikling, 2 dagar kompetanseheving ○ Kompetanseutvikling SFO-leiarar, samling
Oktober	○ Rådgevarnettverk (med NONL)
November	○ Felles planleggingsdag for skular og SFO ○ Kompetanseutvikling SFO-leiarar, samling ○ Helsedag for elevar på 10.trinn ○ Yrkes- og utdanningsmesse i Nordhordlandshallen
Desember	○ Behovsmeldingar: Kva treng einingane og kommunane av kompetanseutvikling neste år? (Kompetansemidlar frå Statsforvaltar.)
Januar	○ Felles planleggingsdag for barnehagar ○ Felles planleggingsdag for SFO ○ Fagsamling «laget rundt barnet»
Februar	○ Kompetanseutvikling SFO-leiarar, samling ○ Prioritering av kompetansemidlar ○ Kurs om eksamen for skuleleiarar og eksamensadministratorar
Mars	○ Kurs om eksamen for sensorar og faglærarar ○ Rettleiing nyttilsette i barnehagar og skular (med NLA) ○ Samling for rådgevarar og skuleleiing ungdomstrinn og vidaregåande skular
April	○ Leiarutvikling, 2 dagar kompetanseheving
Mai	○ Kompetanseutvikling SFO-leiarar, samling ○ Rådgevarnettverk (med NONL)
LØPANDE TILTAK	
○ Leiarstøtte på einingsnivå eller kommunalt nivå ved behov ○ Støtte kommunane sitt arbeid med å systematisere og forenkle arbeidet i laget rundt barnet, gjennom BTI eller anna rammeverk ○ Arbeidsgruppe: Oversikt over kommunalt og regionalt lågterskeltilbod ○ Arbeidsgruppe: Utarbeide rammeverk for foreldremøte, overgangar og samarbeid med frivilligheit og støttetenester i barnehage og skule ○ Arbeidsgruppe: Karriererettleiing, faget utdanningsval og gode overgangar til vidaregåande skule ○ Koordinere og organisere lokalt gitt eksamen	